

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.09.2015

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Gunnar Hoff frå Deloitte presenterte prosjektplan for selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune» og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til prosjektplan vart samrøystes vedteke. Det betyr at slutten av punkt 1 og heile punkt 2 i forslag til vedtak utgår i endeleg vedtak.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av «*Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune*» frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 8 timar.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 14.3.2016, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapa sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.